# Barnebøker for Norge

barneboker.no

## Høne og Tusenbein

Skrevet av: Winny Asara
Illustret av: Magriet Brink
Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens.
https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no

# Høne og Tusenbein



Winny Asara
Magriet Brink
Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand
nynorsk
nivå 3



Høne og Tusenbein var vener. Men dei likte alltid å konkurrera. Ein dag spelte dei fotball for å sjå kven som var den beste spelaren.



Dei drog til fotballbanen og starta kampen. Høne var rask, men Tusenbein var raskare. Høne sparka langt, men Tusenbein sparka lengre. Høne vart surare og surare.



Dei bestemte seg for å ha ein straffekonkurranse. Først var Tusenbein keeper. Høne skåra berre eitt mål. Så var det Høne sin tur til å forsvara målet.





Sidan den gongen har høner og tusenbein vore fiendar.



Høne hosta til ho kasta opp tusenbeinet som var i magen. Mor Tusenbein og barnet hennar klatra opp i eit tre for å gøyma seg.





Tusenbein sparka ballen og skåra. Tusenbein dribla ballen og skåra. Tusenbein heada ballen og skåra. Fem mål skåra Tusenbein.



Høne vart sint fordi ho tapte. Ho var ein veldig dårleg tapar. Tusenbein byrja å le av venen som laga så mykje oppstyr.





Høne kasta opp. Og svelgde og spytta. Så naus og hosta ho. Og kasta opp. Tusenbeinet var ufyseleg.



Mor Tusenbein ropte: “Bruk det trikset du kan, barnet mitt!” Tusenbein kan laga ei dårleg lukt og ein sånn fæl smak. Høne kjende at ho vart dårleg.






Høne var så sint at ho opna nebbet og slukte Tusenbein.



Då Høne gjekk heimover, møtte ho Mor Tusenbein. “Har du sett barnet mitt?” spurde Mor Tusenbein. Høne sa ikkje noko. Mor Tusenbein vart uroleg.






Så høyrde Mor Tusenbein ei svak stemme: “Mamma, hjelp meg!” Mor Tusenbein såg seg rundt og lytta spent. Lyden kom frå inni høna.